

Ruspolitisk handlingsplan

Ruspolitisk handlingsplan for 2018-2019 vart vedteken i Skodje kommunestyre 30.august.

Føremålet med utarbeiding av ruspolitisk plan er mellom anna å:

- redusere sosiale- og helsemessige konsekvensar av misbruk
- ha rus- og kriminalitetsførebyggjande fokus i alle ledd i forvaltninga
- utvikle vidare tverrfagleg samarbeid
- sikre ansvarleg og føreseieleg alkoholpolitisk praksis.

Planen er tilgjengeleg på skodje.kommune.no.

Vis dovert!

Kommunen har mykje unødvendig ekstraarbeid og ekstrakostnader på grunn av at det vert kasta ting i do som tettjar kloakkrøra og stopper pumper og renseanlegg.

Dovettregelen er:

«Berre bæs, tiss og dopapir skal i do.»

Døme på ting som **IKKJE** skal kastast i do:

- Tørkepapir
- Q-tips
- Bomull
- Vaskeklutar
- Gummihanskar
- Våtserviettar
- Tamponggar og bind
- Tanntråd
- Matrestar og feitt

Meir informasjon på dovett.no.

Oppstart av detaljregulering: Trafikkavvikling skuleområdet i Skodje sentrum


Skodje kommune varslar, i medhald av plan- og bygningslova §12-2, oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr. 25 bnr. 29 med fleire.

Føremålet med planarbeidet er mellom anna å betre dei trafikale forholda for barn og unge som skal til og frå skule og barnehage, samt å gjere det betre å opphalde seg på skulen sine uteområde.

Planområdet ligg i Skodje sentrum, i tilknytning til Skodje ungdomsskule, og er avgrensa i nord av fylkesveg 661.

Norconsult AS har i samband med utbyggingsprosjekt på skulane i Skodje sentrum mellom anna laga ein rapport om dei trafikale tilhøva ved skuleområdet i Skodje sentrum. Denne rapporten ligg til grunn for detaljreguleringa.

Du finn meir informasjon om prosjekta ved sentrumsskulane på skodje.kommune.no.



Open dag på Skodje brannstasjon

Laurdag 22. september vil Skodje brannvesen markere brannvernveka med open dag på brannstasjonen. Her kan ein lære om brann og brannvern, sjå brannbilane og sjå korleis brannfolka har det på jobb.

Skodje brannstasjon held open laurdag 22. september frå kl. 11.00 til 14.00.

Litt av kvart

Leige av Valle grendehus og barneskule

Frå 1. august 2018 har Valle grendalag tatt over utleigedelen ved Valle grendehus og barneskule. Det er snakk om utleige av gymsal, kjøkken, og foajeen/hallen ved inngangspartiet.

Om du ønsker å leige for selskap av ulike slag, eller idrettsarrangement, ta kontakt med:

Elin R. Tøsse, tlf.nr. 995 60 068,
eller Marianne N. Tøsse, tlf.nr.
970 43 396.

Verdensdagen for psykisk helse

Den internasjonale verdensdagen for psykisk helse vert markert på Skodje frivillige aktivitetssenter onsdag 10. oktober, med eit arrangement frå kl.10.00 - 14.00.

Tema er: «*Raushet i møte mellom kvinner med forskjellige utgangspunkt.*»

Kulturveke

Årets kulturveke vert arrangert laurdag 20. - søndag 28. oktober.

Målet med kulturveka er å vise fram mangfaldet i kulturlivet i Skodje, og gi gode opplevingar til alle aldersgrupper.

Program vil bli kunngjort seinare.

Neste Kommunenytt


Neste *Kommunenytt* kjem ca. 12. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 5. desember.

Oppstart av detaljregulering: Gang-/sykkelveg Skodje kyrkje til Røane/Olmanngjerdet

Skodje kommune varslar, i medhald av plan-og bygningslova §12-2, om oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr. 21 bnr. 376 med fleire.

Føremålet med planarbeidet er å sikre mjuke trafikantar langs fylkesveg 106 mellom Skodje kyrkje og Olmanngjerdet, og sjå om ein kan legge til rette for parkeringsareal knytt til fritidsaktivitetar i området.

Planområdet ligg i Skodje sentrum, langs fylkesveg 106 mellom Skodje kyrkje og Olmanngjerdet. Området er om lag 17 dekar.



"Kommunenytt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no